

KOMMISJONSVEDTAK**2009/EØS/63/43****av 9. desember 2005****om fritak for Kypros og Malta for kravet om å nytte rådsdirektiv 2002/54/EF på marknadsføring av betefrø(*)***[meldt under nummeret K(2005) 4756]***(Berre den greske og den maltesiske teksta er gyldige)****(2005/886/EF)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2002/54/EF av 13. juni 2002 om
markedsføring av betefrø⁽¹⁾, særleg artikkel 30a,

med tilvising til oppmodingar frå Kypros og Malta og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I direktiv 2002/54/EF er det fastsett visse føresegner for marknadsføring av betefrø. I direktivet er det òg fastsett at medlemsstatane på visse vilkår kan fritakast heilt eller delvis for plikta til å nytte dette direktivet.
- 2) Betefrø vert vanlegvis ikkje produserte eller marknadsførde i Kypros og Malta. Dessutan har dyrking av bete eit svært lite økonomisk omfang i dei nemnde statane.

3) Så lenge desse vilkåra framleis gjeld, bør dei medlemsstatane som det gjeld, fritakast for plikta til å nytte føresegnene i direktiv 2002/54/EF på det aktuelle materialet.

4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Kypros og Malta vert fritekne for plikta til å nytte direktiv 2002/54/EF, bortsett frå artikkel 20.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til Republikken Kypros og Republikken Malta.

Utferda i Brussel, 9. desember 2005.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 326 av 13.12.2005, s. 39, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 108/2006 av 22. september 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 60, 30.11.2006, s. 18.

⁽¹⁾ TEF L 193 av 20.7.2002, s. 12. Direktivet sist endra ved direktiv 2004/117/EF (TEU L 14 av 18.1.2005, s. 18).